



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato
19.05.2016
Dykkar dato

Vår referanse
2016/5603 421.3
Dykkar referanse

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Lindås - Gnr. 115 bnr. 1 - Kårdal - Uttale til dispensasjon til vesentlig terrenginngrep

Vi viser til brev frå Multiconsult av 22.04.2016 mottatt her 25.04.2016. Saka gjeld søknad om dispensasjon frå plankrav for terrengplanering i LNF-område.

Grunneigar ynskjer å planere eit dalsøkk ved å fylle opp med overskotsmassar frå tiltak i nærområdet. Det skal bare nyttast reine jord- og steinmasser. Etter fyllingsarbeidet er ferdig, skal overflata opparbeidast slik at det vert landbruksareal. Det aktuelle arealet er om lag 16 daa, og dalsøkket kan romme 70 000 – 100 000 m³ ukomprimert masse.

I kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden er området sett som LNF. Planområdet ligger innanfor nedslagsfeltet til industrivatn.

Fylkesmannen si vurdering

Fylkesmannen si vurdering er at det er naudsynt med dispensasjon frå LNF formålet i tillegg til plankravet. Sjølv om området skal tilbakeførast til LNF-formålet etter påfylling av massar vil tiltaket i anleggsperioden ikkje vere i samsvar med LNF.

Naturmangfald

Fylkesmannen meiner søknaden ikkje opplyser saka godt nok. Det er slik vi ser det ikkje gjort tilfredstillande kartleggingar eller vurderingar etter naturmangfaldlova §§ 8 til 12. Det er ikkje nok å gjere eit søk i Miljødirektoratets Miljøbase og konstatere at det ikkje er registreringar innanfor planområdet. Det er til dømes registrert ål i Sjursetvatnet sør for tiltaket som kan verte påverka av avrenning.

Det går ei elv igjennom dalsøkket som «*kan ledes gjennom planområdet i rør*». Omsynet til elva skal beskrivast i byggesøknaden. Fylkesmannen meiner at vurderingar kring omsynet til elva må gjerast før vedtak om dispensasjon eller eventuelt i ein reguleringsplan. Det må vurderast om det er fare for avrenning frå massane og korleis ein eventuelt skal hindre dette. Det må ikkje kome partiklar til industrivatnet eller til Sjursetvatnet. Vi vil også peike på at NVE må godkjenne at elva skal leggjast i rør.

Det er også viktig at massane ikkje inneheld frø og planterester frå framande artar. Det fins eksempel på at flytting av jordmassar fører til at svartelista artar etablerer seg på nye område. Naturmangfaldlova § 28 seier at verksemder som set i gang tiltak som kan føre til spreining av

framande organismar, i rimeleg utstrekning må treffe tiltak for å hindre dette.

Trafikk og støy

Om trafikk og støy, står det i søknaden at «tiltaket vil forbigåande medføre meir trafikk og lyd frå anleggsmaskiner. Intensitet og varighet vil avhenge av tilgang på masser». Vi meiner at det må gjerast ei grundig vurdering av auken av tungtrafikk på vegen, trafikktryggleik og støy.

Det er ikkje sett ein sluttdato for anleggsperioden, og Fylkesmannen meiner at det er naudsynt å gjere dette.

Kulturlandskap

Det må også gjerast ei vurdering av tiltakets verknad på kulturlandskapet.

Reguleringsplan

Det er mykje som må takast omsyn til i denne saka, og vi meiner derfor at det bør lagast ein reguleringsplan for tiltaket, jf. pbl. § 12-1 tredje ledd. Ein reguleringsplan kan i større grad opplyse saka og sikre tilstrekkeleg medverknad frå offentlege instansar, naboar og andre partar. Med berre å sende nabovarsel er ein ikkje sikker på å nå alle aktuelle partar i saka. I ein reguleringsplan kan ein på ein betre måte sikre miljøomsyn som ein blir kjend med i planprosessen, som til dømes oppleving av støy og støvproblematikk, avdekke og sikre mot mogelege konsekvensar av avrenning frå jordmassane og få fram lokal, røynslebasert kunnskap om naturmangfaldet. Vidare vil ein planprosess føre med seg ei meir systematisk tilnærming til eventuell risiko- og sårbarheit i tiltaket.

Fylkesmannen meiner også at kommunen må vurdere tiltaket etter *Forskrift om konsekvensutredningar for planer etter plan- og bygningsloven*.

Presedens

Det ser ut til at det for tida er stor pågang av liknande saker i området, og det er derfor stor fare for presedens. Det blir i søknaden vist til ein liknande sak på Hope der det nyleg er gitt dispensasjon. Etter det vi kan sjå er det fleire ting som skil desse to sakene, til dømes køyring på offentleg veg og fare for avrenning. Fylkesmannen meiner det er viktig at alle sakene får ei individuell handsaming etter plan- og bygningslova § 19-2.

Konklusjon

Fylkesmannen meiner det er behov for ein reguleringsplan i denne saka og rår derfor ifrå dispensasjon frå plankrav.

Forslag til vilkår

Om kommunen likevel vel å gje dispensasjon til tiltaket er det viktig at det vert stilt vilkår som kan følgjast opp i utfyllingsperioden. For massetippar/utfyllingsområde mv. ber vi normalt om at følgjande vert innarbeidd i vedtaket:

- **Deponi.** Ein bør ikkje bruke ordet deponi, men heller massetipp eller utfyllingsområde. Dette for å gjere det tydeleg at det ikkje er eit avfallsdeponi som er regulert av deponikapitlet i avfallsforskrifta.

- **Mengde og tid.** Det bør gå fram av vedtaket kva mengder og volum som kan fyllast ut og over kor lang tid utfyllinga skal skje.
- **Massekvalitet.** Det bør setjast krav til kva som kan nyttast som fyllmasse. Forslag til formulering: Området kan fyllast med reine jomfruelege stein- og jordmassar med innhald under normverdien i forureiningsforskrifta. Det bør gå tydeleg fram at det ikkje er lov å ta imot avfall som betong, tegl, asfalt, takstein, glas, byjord eller andre forureina jordmassar. Ved mottak av avfall eller forureina masse må det vurderast om det er krav om løyve etter forureiningsregelverket. Det kan og vere aktuelt å setje krav til stabilitet og vassinnhald i massane for å sikre at massane er eigna til utfylling.
- **Mottakskontroll.** Det bør settast krav til at det er mottakskontroll ved å krevje dokumentasjon på kvalitet og kor massane kjem frå før levering. Jord frå sentrumsområde bør dokumenterast ved representativ analyse/tiltaksplan godkjent av kommunen. Det bør også vere krav til at driftsansvarleg gjennomfører stikkprøvekontroll av mottekne massar for å kontrollere at innhald av forureining er under normverdien. Det bør vere krav til at området er avstengt for uvedkomande. Det bør gå fram om det er tenkt mottak av massar frå store enkeltprosjekt eller mange små. Mottakskontrollen vil vere meir krevjande ved mange små prosjekt.
- **Avrenning.** Det bør leggjast fram ein plan med tiltak for å hindre avrenning til vassdrag, og krav til tiltak bør inn i vedtaket. Det kan vere sedimenteringsbasseng, siltgardin eller andre tiltak. Ein må vurdere om det må settast av areal til dette og om det skal settast krav til utforming og drift.

Dersom ein skal ta i mot myrjord, så er det nokre utfordringar vi vil gjere merksam på. Slik jord har normalt eit veldig høgt innhald av vatn og organisk materiale, og kan gje sur avrenning og jernutfelling. Dette er massar kor det kan skje ei nedbryting som til dels kan vere anaerob og kan dermed også føre til luktpproblem. Erfaringar viser at det er komplisert og vanskeleg å hindre avrenning av dei finaste partiklane sjølv med omfattande førebyggjande tiltak.

Dersom det skal nyttast sprengstein til utfylling, må det setjast krav om at tiltakshavar må hindre direkte avrenning til vassdrag og at arbeidet må utførast på ein slik måte at ein hindrar erosjon og avrenning frå utfyllingsområdet. Dette gjeld både steinstøv, nitrogenforbindelsar og jordpartiklar som kan føre til nedslamming av vassdraget og skade på gytetroper og fisk. Om nødvendig må ein etablere sedimenteringsbasseng for å hindre forureining av vassdraget.

- **Støv og støy.** Avhengig av nærleik til naboar bør det vurderast om det skal setjast vilkår om driftstider eller andre tiltak for å redusere støv og støy
- **Overvaking.** Om en massetipp vil føre til forureining er veldig avhengig av drifta. Det vil alltid vere fare for at det vert levert forureina massar eller avfall som kan føre til forureining. Det bør derfor vere krav til overvaking av forureining. Det bør gjennomførast undersøkingar før utfylling startar opp, deretter etter eit fastlagt program. Rapport frå overvaking bør sendast kommunen. Driftsansvarleg og kommunen må vurdere resultata opp mot § 7 i forureiningslova om at det ikkje er lov å forureine.

- **Risikovurdering.** Det bør settast krav til risikovurdering, og driftsansvarleg må vurdere sannsyn og konsekvens av mulige hendingar som kan føre til forureining. Fare for forureining på grunn av mottak av forureina massar eller avfall bør med som ei mulig hending. Erfaring frå andre massetippar har vist at dette er eit vanleg problem, og at det kan føre til forureining.
- **Tilsyn.** Vi føreset at kommunen gjennomfører tilsyn for å sjå til at vilkåra i eit eventuelt vedtak om dispensasjon vert følgt. Dette gjeld særleg massekvalitet, tiltak for å hindre forureining og overvaking.

Konklusjon

Fylkesmannen rår ifrå ein dispensasjon frå plankrav. Om kommunen likevel vel å gje dispensasjon må saka opplysast betre og det må setjast naudsynte vilkår til tiltaket.

Med helsing

Arve Meidell
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Multiconsult Bergen

Multiconsult v/Solveig Renslo

Nesttunbrekka 99 5221 NESTTUN